



Referat frå 5. møte i delprosjekt P2 – Politisk organisering, lokaldemokrati og innbyggjarmedverknad

- Dato:** 13.10.2017
Tid: 13:00 til 15:30
Møteleiar: Mads Solberg
Stad: Ålesund rådhus,
Frammøtte: Nils Magne Abelseth, Frode Andresen, Åse Kristin Bakke, Helene Børretzen Fjørtoft, Modolf Hareide, Svein Harsjøen, Elin Moen, Geir Skodje, Mads Solberg, Øystein Tvedt, Bente Glomset Vikhagen.
- Forfall:** Irene Kalstad Aase, Kari Grindvik, Trine Otterlei, Geir Stenseth, Synnøve Synnes, Anny Sønnerland.

1) Godkjenning av saklista og innkalling.

2) Oppsummering og komplettering av tilbakemeldingar på politisk hovudstruktur

På bakgrunn av drøftingane i kvar einiskild kommune blei det først tatt ei runde med tilbakemeldingar rundt bordet på det som har kome fram så langt. Mykje av denne diskusjonen viste kor viktig koplinga mellom kommunedelutvala og kommunestyreorganiseringa blir.

Geir Skodje peikte på eit tilsynelatande paradoks i høve til at politikarane har bestemt seg for å ha eit stort kommunestyre, men at det samstundes kjem ynskjer om å flytte makt og beslutningsmynde til utvala. Det reiser spørsmål om kva slags makt kommunestyret som eit overordna organ skal sitje igjen med (og dermed kva motivasjonane til at ein ønskja eit stort kommunestyre i utgangspunktet).

Modolf Hareide viste til dokumentet med innspel frå kommunane og at det er forskjellar på tvers av kommunar, og på tvers av partia om kva slags organisering ein ynskjer. Han stilte spørsmål om ikkje ein i for stor grad tenkjer for mykje innanfor 'boksene' i dei modellane som føreligg. Det er ikkje noko prinsipielt i vegen for at ein nyttar ein kombinasjon av vedtaksmyndige og diskuterande organ i det nye kommunestyre; det er ikkje eit enten eller spørsmål om ein går for ein utvalsmodell, sidan kommunestyret står fritt til å gi mandatet for kvart einiskild organ. Ein må og stille spørsmål om kor mykje makt det er naudsynt at kommunestyre gir frå seg til eit underorgan for å få ting til å gå rundt. Til sjuande og sist er grunngevinga for kva som delprosjektet tilrår vel så viktig som den strukturen som ein til slutt tilrår ovanfor fellesnemnda.

Nils Magne Abelseth minna gruppa på at grunnlaget for å ha 77 medlemmar var å auke sjansen for å sikre representasjon frå heile den nye kommunen. I forhold til grensene og innhaldet i kommunedelutvala må framlegget frå delprosjektet være heilt konkret.

Tvedt påpeika at eit stort kommunestyre gjer at dette ikkje kan være ein verkstad for politikk i seg sjølv, og at komitear og utval får ei sentral rolle i å avlaste kommunestyret. Kommunestyret får ei viktig oppgåve i å ta omsyn til nærmiljøa. Ein må arbeide fram ein politiske kultur mellom by og distrikt som er grunnlagt på samarbeid, og ikkje eit maktpolitisk spel.

Geir Leitne følga opp med at avhengig av kva slags modell ein legg opp til, kan ein risikere eit kommunestyre der ein endar opp med 10-15 politikarar (representantar i formannskapet, utvals/komiteleiarar etc.) som gjer nesten alt arbeidet, mens dei andre 60 berre er «innom» kommunestyret ein gang i månaden. Ei slik utvikling, der få representantar faktisk blir involvert i det politiske arbeidet og politikkkutforminga, vil være uheldig.

Hareide tar opp både dei praktiske utfordringane, og moglege politiske konsekvensane, av at intensjonsavtalen framhevar direkteval i kommunedelutvala. Når det gjelder sjølve den politiske strukturen trur han det er mogleg å få gode diskusjonar og god politikkkutforming uavhengig av kva slags modell ein setter opp. Eit moment som vil avgjerande for kvaliteten på dei politiske diskusjonane i den nye storkommunen er i kva slags grad kvar einskild politikar føler seg forplikta til å 'elte' meiningane sine internt i partia før dei eventuelt fremmar synspunkta sine på talarstolen.

Bente Glomset Vikhagen visar til diskusjonen så langt, som viser at dei fleste organisasjonsformane kan fungere, men at kvaliteten på det politiske arbeidet handlar om kva slags arbeidsprosessar og arbeidsform ein legg opp til, og korleis ein byggjer tillit mellom partane i desse prosessane. Det er visse ting som kommunestyret ikkje kan delegerere bort (budsjett, strategi, plan etc.). Ein modell med fagutval må balansere dei sektorspesifikke interessene opp mot heilskapsperspektivet.

Tvedt seier at det ikkje bør være noko mål i seg sjølv med å flytte beslutning frå kommunestyret til underordna organ; jo fleire som har vært involvert i arbeidet bak ei avgjerd, jo sterkare står ho og meir legitimitet vil den ha. Det handlar i staden om kva organisering som vil balansere effektivitet opp mot ynskje om brei og open politisk dialog. Dessutan må ein reflektere over kor mykje mynde eit underorgan må ha for at det skal oppfattast som relevant og meningsfullt å delta i det. Han trekker fram eksemplar frå Ålesund der bystyret avgjer til slutt, men kor komiteen fungerer som ei politisk verksemd i førebuingssfasen.

Abelseth minna om at delegering er absolutt mogleg og naudsynt i visse høve, men at ansvar til sjuande og sist alltid ligg hos kommunestyret. Uansett modell må ein leggje opp til å skape interesse for politikk i heile kommunen.

Vikhagen: kommunedelutval er både eit fora for å utvikle lokal identitet, og for å skape engasjement rundt saker. Her kan lokalpressa spille ei viktig rolle.

Å. K. Bakke, M. Hareide og G. O. Leitne tok opp spørsmålet omkring organiseringa av kommunedelutvala og kva slags samansetning dei skal ha. Ein må sikre at innspela som kjem frå disse organa blir tatt vidare oppover i systemet. Gjennomgåande representasjon er ein måte å sikre kontinuitet mellom nivåa.

Tvedt forklarer at bystyret i Ålesund veljar sine representantar til kommunedelutvala etter valet. Då setter gruppeleiarane seg ned og fordelar verva. Kommunestyrevedtar så samansetninga. Dette er ein stor kabal for gruppeleiarane. I Ålesund har ein tradisjon for at det er vararepresentane i bystyret som bemannar bydelsutvala, og ein har stengt for at kommunestyrerepresentantar kan sitte i desse nærdemokratiorgana.

Frode Andreassen påpeikar at det vil være naudsynt at ordningane ein legg til grunn blir utforma på ein fleksibel måte; det er faktisk teoretiske moglegheiter for at enkelte delar av den nye kommunen får inn eit fåtal representantar i kommunestyret.

Modolf og Tvedt drøfta spørsmålet om kva slags rolle partitilhøring skal spele i bydelsutvala, og kor vidt denne bør tonast ned i desse organa.

Vikhagen utfordra gruppa til å reflektere over kva slags oppgåver som best kan løysast lokalt, og kva slags oppgåver som er mest hensiktsmessig å handtere på kommunestyrenivå. Når man får spesifisert desse, vil det også bli meir synleg korleis ein kan samspille og samskape med til dømes friviljugheit og næringsliv, og mobilisere ressursar til nærdemokratiorgana utan at ein blir heilt avhengig av offentlige midlar for å få til ting.

Andreassen stilte spørsmål om kva vi *ikkje* kan legge til disse organa; helse, skole og planarbeid er døme på funksjonar som bør ivaretakast av kommunestyret (for desse spørsmåla blir kommunedelutvala rådgivande organ).

Vikhagen: det ligg store moglegheiter til organisasjonsbygging gjennom det politiske reglementet og i utforminga av politikarrolla for nye Ålesund. Reglementet kan utformast slik at det reflekterer at ein ynskjer å nytte mange ulike arbeidsformar i den politiske verksemda.

3) Konkretisering av forslag til framlegg for fellesnemnda 26.10, og diskusjon av arbeidsformer

Modellane som har sirkulert vart henta fram på storskjerm, og representantane brukte ein del tid på drøfte kva slags forslag som bør leggjast fram for fellesnemnda. Det blei bestemt at ein legg fram to av hovudmodellane som har vært ute på høring (ein enkel komitévariant, og ein enkel utvalsvariant), og at vi så synleggjer ulike variantar av desse, saman med spørsmål om moglege samansetningar, i tekstform. Målet er å stimulere til refleksjon og drøfting i fellesnemnda, ikkje at dei bestemmer seg for eit alternativ allereie.

Nokre sentrale spørsmål når ein bestemmer seg for struktur er:

- Kva overordna prinsipp og formål skal ein leggje til grunn for organiseringa?
- Er det nokre organisasjonsformer som sikrar tidelegare involvering av politikarar i arbeidsprosessar og nye saker?
- Kva prinsipp bør avgjere fagindelinga?
- Kor store oppgåver bør formannskapet ha (til dømes fungere som økonomi og planutval)?
- Kor mykje mynde bør delegerast til utvala?
- Tal på medlemmar i formannskap, og i kvart utval?
- Bør nokre medlemmar frå kvar kommunedelutval også sitje i kommunestyret?
- Er det fleire tiltak enn gjennomgåande representasjon som kan virke kompenserande for informasjonsunderskot i det politiske arbeidet i ein ny stor organisasjon?

- Bør leiarane for politiske organ og sitje i formannskapet?
- På kva slags måte vil føreståande endringar i kommunelova påverke den politiske organisasjonen i nye Ålesund?

NB:

Merk at det føreligg eit forslag til ny kommunelov som enno ikkje vedteken. Men på grunnlag av anbefalinga i 'NOU: Ny kommunelov' (2016) vil det truleg kome endringar som kan ha betydning for blant anna spørsmålet om overordna politisk struktur. Det anbefalast til dømes i NOUen å ta bort det lovfesta skiljet mellom komitear og utval, slik ein berre operer med ein kategori, 'utval'. Da vil kommunestyret stå heilt fritt til sjølv å bestemme samansetninga av det politiske organet med omsyn til tidsavgrensing, tildeling av avgjerdsmynde (innstillingsrett og utreiingsoppgåver), samansetning og oppnemning av medlemmar. Diskusjonane i delprosjektet og kvar einskild kommune hittil om kva ein ynskjer med den nye politiske organisasjonen vil uansett være verdifulle, sjølv om ikkje fellesnemnda og det nye kommunestyret blir tvunge til å velje mellom utval og komitear på same måte som ein må med dagens kommunelov. Først må dei folkevalte avgjere kva dei ynskjer å oppnå med ny politisk struktur og med det politiske arbeidet, så kan ein velje verktøya som er naudsynte for å nå det målet ein har satt.

4) Kort orientering om prosjektstyringsverktøy og bruk av ACOS for saksbehandling i politisk organ.

Fylkesmannen har informert om følgjande:

- Politiske delprosjekt er som ein komité jf. kom. l. § 10 nr. 5.
- Politiske delprosjekt/komiteane må vere i kjønnsmesse balanse (40%), i delprosjekt med både politiske og administrative deltakarar, teljar alle med i kjønnsbalansen.
- Politiske delprosjekt/komiteane er ikkje pålagt å følge saksbehandlingsreglane i kommunelova, men vi kan likevel bestemme at komiteane skal følgje desse.
- I nye Ålesund sine felles føringar for delprosjekt, har vi skrive at både politiske og administrative deltakarar deltek på lik linje, dvs. at alle har stemmerett (i den grad dei bruker dette i komiteen).

Siden disse organa er å ansjå som opne møter, skal vi framover arkivere innkallinger og referat i ACOS-arkivsystem (jamfør lovverket om offentlighet i forvaltinga).